

## Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Mandag 21.11.2022 kl. 09-14, Vardesenteret
Tilstade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Inger Margrethe Lingjerde (Pensjonistforbundet), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Gunnar Langlo (SAFO), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Christine Lønne (ProLAR), Trude Aarseth (FFO) Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fråvær	Silje Edvardsdal Thon (FFO), Ulrikke Tranberg (SAFO), Everline Mjømen (Vestlandsk Innvandrerråd)

Saksnr	Saka gjeld
110/22	<b>Velkommen. Godkjenning av innkalling og saksliste.</b>  <b>Avgjerd</b> <i>Innkalling og saksliste er godkjent.</i>
111/22	<b>Godkjenning av referat frå brukarutvalsmøte 24.10.22</b>  <b>Avgjerd</b> <i>Referatet er godkjent.</i>
112/22	<b>Kva rører seg i sjukehuset? v/ Grete Lill Hjartnes, seksjonsleder, Seksjon for samhandling</b> <b>Oppsummering</b>  <u>Helsefellesskapet</u> Det blei informert om Helsefellesskapet som no er etablert. Helsefellesskapet har meir brukarrepresentasjon, og fastlegar og kommuneoverlegar er betre representert no enn i tidligare samhandlingsstruktur. Det er gjennomført møter i alle 4 områdeutvala (OU). Mange nye medlemmar er kome til og det er mange rundt bordet. Ulike OU-er vil jobbe på ulike måtar. Alle 4 OU-er i lag om Medisinsk Faglig utval (MFU) og Underutval for akuttmedisinsk beredskap (UFAB), men kan ha eigne faglege underutval i tillegg. Brukarutvalet i Helse Bergen er representert i 3 områdeutval, og dersom ein har spørsmål om arbeidet i OU-ene kan Grete Lill Hjartnes kontaktast. Namn på Helsefellesskapet har vore diskutert i OU-ene og skal avgjerast av Strategisk samarbeidsutval (SSU). Det er ønskje om eit mest mogleg nøytralt namn, som likevel synar kor Helsefellesskapet er.  <u>Intermediære senger Øygarden kommune</u> Avtalen mellom Helse Bergen og Øygarden kommune om 6 intermediære senger er sagt opp frå 01.01.23. Dette var eit godt tilbod gjennom eit godt samarbeid i ei tid der det var behov for det, men no er det vanskeleg å finne pasientar dette tilbodet passar for. Pasientane blir no godt ivaretatt andre stader i kommunen.  <u>Praksiskoordinatorer</u> Helse Bergen har fleire nye praksiskoordinatorer som skal bidra til å utvikle et godt samarbeid mellom sjukehusavdelingar og allmennlegar/private spesialistar. Praksiskonsulentane har delt seg, slik at dei har særskild ansvar og kontakt med nokre avdelingar kvar. Lenke til heimesida deira finn du <a href="#">her</a> .  <b>Avgjerd</b> <i>Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering.</i>
113/22	<b>Orientering om brukarmedverknad i Pakkeforløp Kreft heim v/ Grete Lill Hjartnes</b>  <b>Oppsummering</b> Pakkeforløp Kreft heim skal følgje pasienten heile vegen frå sjukehuset og til heimen. Mykje av dette er ivaretatt allereie, men no blir det satt i system og skal gjelde alle kreftpasientar. Det skal gjennomførast ein samtale i spesialisthelsetenesta og to samtalar i kommunehelsetenesta. Pasienten kan takke nei, men vil få spørsmål igjen etter ei stund om noko har endra seg, og om samtale kan

	<p>vere av interesse. Kommunane kan bidra med ulike omsorgstiltak også når pasienten er innlagt i sjukehuset, og dei ønsker derfor tidleg dialog med sjukehuset.</p> <p><b>Kommentarar i møtet</b></p> <p>Brukarutvalet meiner det ein skal få til i Pakkeforløp Kreft heim også har overføringsverdi til andre pasientgrupper med behov for samhandling og tiltak både frå spesialist- og kommunehelseteneste. Omsorgstiltak frå kommunane bør ikkje berre avgrensast til mindreårige barn – det kan og vere at den som er sjuk har omsorgsoppgåver for gamle foreldre eller vaksne, heimebuande barn med tilsyn</p> <p><b>Avgjerd</b></p> <p><i>Brukarutvalet tek informasjonen til orientering. Atle Grung Eide blir Brukarutvalet sin representant inn i arbeidet med Pakkeforløp Kreft heim.</i></p>
114/22	<p><b>Orientering om budsjett; prosess og foreslåtte tiltak v/ økonomi- og finansdirektør Kristin Pundsnes</b></p> <p><b>Oppsummering</b></p> <p>Budsjettramma til Helse Bergen er 14 milliardar. Utfordringa for 2023 er at i forslag til statsbudsjett er ikkje sjukehusa kompensert for auka pris- og lønsvekst – effekten for Helse Bergen utgjør mellom 200 – 300 millionar. Budsjettet er ikkje vedtatt, og det pågår fortsatt mye arbeid rundt om i avdelingane og klinikkane. Det kan ikkje budsjetterast med underskot. Tillitsvalte og verneombod er med i heile prosessen. Det er viktig at ein også er merksam på at ein del område er styrka i budsjettrammene for 2023, blant anna psykisk helsevern for vaksne, barn og unge. Budsjettet skal styrebehandlast i desember.</p> <p><b>Kommentarar i møtet</b></p> <p>Brukarutvalet ber om at dei blir meir involvert i heile budsjettprosessen i dei ulike klinikkane og avdelingane, allereie frå rammene delast ut før sommaren. Brukarutvalet er bekymra for kva tenestar som blir ramma, og for dei tilsette i sjukehuset. Dei vil kome med innspel til budsjettet til viseadministrerande direktør Randi-Luise Møgster i neste møte i Brukarutvalet i desember.</p> <p><b>Avgjerd</b></p> <p><i>Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering.</i></p>
115/22	<p><b>Orientering om spørjeundersøking om pandemi til pasientar i Helse Bergen v/Pål Ove Vadset, Seksjon for helsetenesteutvikling og Brit Pedersen, Foretakssekretariatet.</b></p> <p><b>Oppsummering</b></p> <p>Helse Bergen ønsker å evaluere eigen handtering av Covid-19-pandemien for å lære og forbetre seg. Det skal ein gjere ved å sende ut ei spørjeundersøking til alle tilsette, samt ei spørjeundersøking til ulike pasientgrupper som har mottatt helsetenester gjennom heile pandemien. Pasientane vil delast i to grupper; alle dei som har fått registrert Covid-19-diagnose og alle andre. I gruppa med alle andre vil det vere ulike undergrupper; utval av augeblikkeleg hjelp-pasientar, utval av elektive pasientar med alvorleg sjukdom, utval av elektive pasientar med moderate eller lettare helseplager, utval av fødekvinne. Undersøkinga vil bli sendt ut som SMS-undersøking og vil vere anonym.</p> <p><b>Kommentarar i møtet</b></p> <p>Det blei gitt innspel på at ein bør forklare kva ein meiner med Helse Bergen og kva det omfattar i introduksjonen til undersøkinga. Vidare bør ein også definere kva ein meiner med digital behandling eller oppfølging. Ein bør også vurdere å ta med pasientar frå Psykisk helse Barn og Unge – her vil arbeidsgruppa gjere ei vurdering korleis ein kan gjere dette, saman med PBU. Også personar med samansette, komplekse lidningar var særskild utsatt under pandemien.</p> <p>Det bør også gjerast ei vurdering av om det er naudsynt å spørje utdanningsnivå i bakgrunnsinformasjonen – nokre kan oppleve dette ubehageleg og problematisk.</p> <p><b>Avgjerd</b></p> <p><i>Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering.</i></p>

116/22	<p><b>Orientering om PUSH-prosjektet/Helse i Hardanger v/ Eli Sjo</b></p> <p><b>Oppsummering</b> I 2019 inngikk Helse Bergen og Helse i Hardanger eit prosjektsamarbeid – Prosjekt utvikling av smarte helseløysingar (PUSH) med mål om prøve ut tverrfaglege, helsefremjande helsetenester til utvalte pasientgrupper. Målet var å vurdere om eit kortvarig behandlingstilbod med oppfølging kan ha god effekt for pasientgrupper med utfordringar knytt til rygg, post-Covid-fatigue, angst og depresejon, diabetes type 2 eller KOLS.</p> <p>Forskningsresultatane er veldig gode og ein meiner ein har klart å knekke ein kode med å gjen intensiv, tverrfagleg behandling over 4 dagar, og så følgje opp (digitalt) over tid, og media har presentert fleire «solskinshistoriar» om pasientar som er komen att i arbeid etter denne behandlinga. No er prosjektperioden over og inntaket av pasientar er stoppet. Helse Bergen kan ikkje bidra med midlar til vidare drift.</p> <p><b>Kommentarar i møtet</b> Brukarutvalet er bekymra for at dette tilbodet forsvinner – dette er god helsefremming og førebygging, og konsekvensen kan bli at fleire av desse pasientane vert innlagt i spesialisthelsetenesta framover.</p> <p><b>Avgjerd</b> <i>Brukarutvalet meiner dette tilbodet bør bestå av omsyn til den einskilde pasient og i tillegg ut frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Tilbodet burde verte utvida til andre grupper i staden for å leggjast ned.</i></p>
117/22	<p><b>Omvising på Vardesenteret v/ Marie Tjelta</b></p> <p><b>Avgjerd</b> <i>Brukarutvalet takkar for omvising og gratulerer Vardesenteret med eit flott, nytt bygg.</i></p>
118/22	<p><b>Orientering om prosjekt Gjennomgang av kirurgisk kapasitet v / Brit Pedersen, Føretakssekretariatet og Christian Beisland, Kirurgisk klinikk</b></p> <p><b>Oppsummering</b> Administrerande direktør ønsker å starte eit arbeid med gjennomgang av kirurgisk kapasitet. Arbeidet vil gjennomførast i fleire fasar, og ein er no i fase 1 der ein går gjennom dagens kapasitet og potensialet for forbetring av gjennomstraumen. Arbeidet i denne fasen skal og sjå på moglege kortsiktige tiltak som kan utvide kapasiteten no. Målet er å bidra til forbetra bruk av dagens kapasitet, betre og rettare prioritering mellom fagområda, samt riktig fordeling mellom ulike lokasjonar i Helse Bergen sitt område. Fase 2 i vil sjå på tiltak i eit 1-5 årsperspektiv, medan fase 3 vil sjå på utvikling og dimensjonering av kirurgisk kapasitet på lengre sikt – fram mot 2035.</p> <p><b>Kommentarar i møtet</b> Brukarutvalet lurar på om ein kan bruke ledig kapasitet på Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS), men dette er ikkje noko Helse Bergen kan rå over; det ligg til Helse Vest.</p> <p><b>Avgjerd</b> <i>Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering. Brukarutvalet ønsker å bli orientert om saka igjen på møte i januar/februar 2023.</i></p>
119/22	<p><b>Hjertesaker og prosjekt som Brukarutvalet er involvert i</b></p> <p><b>Oppsummering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Informasjon frå OU-møta</b> – informasjon frå representantane i dei ulike områdeutvala i Helsefelleskapet</li> <li>• <b>KPU Medisinsk klinikk</b> – Linda og Inger har hatt framlegg for Kvalitets- og pasienttryggleiksutvalet i Medisinsk klinikk. Det er mykje bra som skjer, men også eit forbetningspotensial i forhold til å involvere brukarmedverkerar</li> </ul>

- **Innlegg Møteplassen** – Ulrikke og Ida hadde framlegg på Møteplassen for habilitering og rehabilitering 3.11. og snakka om gode overgangar og eigne opplevingar og familieliv. Ulrikke var med resten av dagen og deltok i gruppearbeid, og kunne bidra med eigne tankar og erfaringar her og. Linda og Inger var også med på konferansen.
- **Innlegg Forbetningskonferanse** – Reidun og Christine heldt innlegg på forbetningskonferanse for poliklinikkar der dei delte både eigne og andres pasienterfaringar med poliklinikk. Dei fekk gode tilbakemeldingar. Viktig innspel å ta med er at bestillinga når Brukarutvalet skal halde innlegg må vere tydeleg; både på kva ein skal snakke om og kor lang tid ein har til rådighet.
- **Hjartesaker 2023** – Brukarutvalet vil i 2023 ha ein hjartesak; pårørande. Dette fordi ein ønsker å jobbe godt og grundig med hjartesaken, og ha fokus på ulike områder gjennom året, blant anna kommunikasjon, informasjon, haldningar, involvering, rettigheit som pårørande, pårørande si rolle ved innlegging i sjukehus og pårørande som ressurs for sjukehuset. Ein ønskjer å invitere Pårørande-alliansen inn på møte i Brukarutvalet etter nyttår.

#### **Kommentarar i møtet**

Ulike pasient- og brukarorganisasjonar bør inviterast inn i Brukarutvalet å fortelje om korleis dei jobbar med pårørande.

#### **Avgjerd**

Hjartesak for Brukarutvalet i 2023 blir pårørande, og ein vil sette opp ein struktur for korleis ein skal jobbe med dette gjennom året på første møtet etter nyttår. Hjartesaken skal vere ei fast sak på dagsorden i brukarutvalsmøta, og det settast av 45 minuttar til denne.

120/22 **Eventuelt**

#### **Oppsummering**

- *Kampanje SMS-undersøking - Kommunikasjonsavdelinga ønskjer bilete og sitat til kampanje om SMS-undersøkinga om pasienterfaringar og treng ei vaksen kvinne og ein med minoritetsbakgrunn. Forslag om Eli og Everline.*
- *Brukarrepresentant til Kreft heim – Atle er interessert i å delta i dette arbeidet*
- *Excel-skjema for honorar – fungerer fint, brukarvegledning er tydeleg. Om nokon har problem med utfyllinga kan dei kontakte koordinator.*
- *Brukarrepresentant Sjukehusapoteka – alle brukarutvala i Helse Vest har sendt melding om at det ikkje er aktuelt å oppnemne brukarrepresentant frå brukarutvala fordi Sjukehusapotek Vest er eit eige, sjølvstendig føretak i Helse Vest; Linda har sendt frå Helse Bergen.*
- *Psykoeforløp – forslag om at Trude Aarseth overtek som brukarmedverkar for Christine Lønne*
- *Atle er med i mange prosjekt og vil gjerne overlate nokre av dei til nytt varamedlem frå Kreftforeningen.*
- *Dersom det skjer endringar i Brukarutvalet må ein hugse å gje beskjed til aktuell organisasjon, samt oppdatere lista over medlemmar og varamedlemmar på Brukarutvalets internettside.*
- *Det er ønskeleg med litt meir informasjon om det enkelte medlem på internettsida til Brukarutvalet; profilbilde med namn, e-post og kva organisasjon ein representerer, i tillegg til fellesbilde.*

#### **Oppfølging**

Koordinator sjekkar om Everline ønskjer å delta i SMS-kampanjen med bilete og sitat. Internettsida vil bli redigert når nytt Brukarutval er på plass i januar 2023.

#### **Avgjerd**

Atle Grung Eide går inn i arbeidsgruppa for Pakkeforløp Kreft heim. Nokre av hans andre prosjekt kan overtakast av vararepresentanten som kjem inn etter nyttår.

Trude Aarseth blir brukarmedverkar i Psykoeforløpet.